

Ullensvang 29.10.2014

Kulturdepartementet

**Staten og den norske kyrkja – eit tydeleg skilje. Høyringsuttale frå Ullensvang sokneråd**

Ullensvang sokneråd takar for høvet til å gje uttale til høyringsnotatet Staten og den norske kyrkja – eit tydeleg skilje, og gjev fylgjande uttale:

Sundvollen-erklæringa frå 2013 og Kyrkjemøtet sitt vedtak er gode utgangspunkt for arbeidet som skal gjerast vidare i skilje mellom kyrkje og stat. Ullensvang sokneråd vil trekka fram nokre av punkta i høyringsdokumentet.

**Det nasjonale rettssubjektet**

Departementet har kommentert at det i framlegget til ny §2 i Kyrkjelova er to tydingar av «Den norske kyrkja» – både omtala av heilskapen samt det nye rettssubjektet. Dette kan verka uklårt, og kanskje kan namnet på det nye rettssubjektet vera «Den norske kyrkja – Kyrkjemøtet», eller liknande.

**Soknet**

Høyringsnotatet legg til grunn at soknet og fellesrådet framleis skal vera sjølvstendige einingar når Den norske kyrkja sentralt vert etablert som nytt rettssubjekt. Dette er me samde i og me ser det som særst viktig og i den framtidige kyrkjestruturen.

Det lokale eigarskapet til kyrkja er grunnleggjande og avgjerande for vidareføring av ei landsdekkande folkekyrkje.

**Prestetenesta**

Det er viktig at prestetenesta kan utførast på fritt grunnlag i tråd med Den norske kyrkja og ordinasjonen. Det er difor positivt at dette vert vektlagd i lovverket, og me slutter oss til den føreslegne lovteksten med formuleringar henta frå Helseføretakslova.

Soknerådet ser det som viktig at det vert omtala landsomfattande preste- og bispeteneste.

**Økonomi**

Me er glade for og ser det som avgjerande for ei landsdekkande folkekyrkje, at økonomien vert knytt til lokalt nivå og at kommunen skal ha vidare ansvar for finansiering av lokalkyrkja. Dette er og viktig å vektlegga med tanke på den venta kommunereforma.

Likeeins skal staten framleis ha eit finansieringsansvar for den delen av kyrkja som pr. i dag er statleg, men då gjennom ei rammeoverføring til Kyrkjemøtet. Ullensvang sokneråd ynskjer at trusopplæringsreforma vert sikra vidare finansiering, og at denne vert særskild nemnd.

### **Opplysningsvesenets fond**

I samband med økonomispørsmåla vil me og nemna Opplysningsvesenets fond. Dette bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettssubjekt, og noko anna vil vera heilt uakseptabelt.

### **Generelt**

Ullensvang sokneråd er glad for og meiner det er avgjerande at ein i alle overordna perspektiv og vedtak held fokus på at ein skal ha ei lokal og landsdekkande folkekyrkje.

Venleg helsing

*Wenche Krogh Helleland*

Wenche Krogh Helleland

Leiar